



Bystøl AS
6893 VIK I SOGN

Kulturminnefagleg uttale vedrørende varsel om oppstart, privat regulering - Sæle i Balestrand kommune

Vi viser til dykkar brev av 14.02.2013.

Saka gjeld privat regulering ved Sæle sag. Planområdet ligg på Sæle i Balestrand kommune, mellom Rv 55 og sjøen. Tiltakshavar er Sæle Sag AS.

Saka er sendt til Bergen sjøfartsmuseum til vurdering i og med at delar av planområdet omfattar sjø. Fylkeskommunen ettersender deira uttale så snart den ligg føre.

På Sæle gbnr 88/1 er det i følgje det nasjonale fornminneregisteret (Askeladden) kjend fleire gravminne frå førhistorisk tid. Gravminna er automatisk freda kulturminne.

Gravrøysa med id 60464 ligg om lag midt i tiltaksområdet, akkurat i området der vegen ned til saga deler seg i to. Røysa er bygd av 20-40 cm store steinar og skal i fylgje opplysningar i Askeladden, vere noko mosegrodd. I nord og i sør skal røysa vere utkasta. Røysa er låg og har eit tverrmål på 8 m.

Like utanfor plangrensa i vest ligg det eit gravfelt med to gravrøyser (Askeladden id 55446): Røys 1: 8-10 m i tverrmål og ein meter høg. Røys 2: 12 m i tverrmål og ein meter høg.

Like aust for plangrensa er det registrert ei gravrøys (Askeladden id 25774) som er låg og bygd over eit søkk i berget. Ho er målt til 9,5x 5 meter.

Ofte ligg det flatmarksgraver eller restar etter busetnad i nært opp til gravfelt og graver. På bakgrunn av ovannemnde finn Kulturavdelinga grunnlag for å stille krav om arkeologiske registreringar innanfor planområdet for å oppfylle tiltakshavar si undersøkingsplikt jamfør lov om kulturminne § 9. I tillegg vil fylkeskommunen avklare tilstanden til gravrøysa som ligg midt i foreslått planområde.



Jamfør § 9 pliktar den ansvarlege leiar eller forvaltingsorgan ved planlegginga av større offentlege eller private tiltak etter lova § 8, første ledd, å undersøke om tiltaket vil verke inn på automatisk freda kulturminne på ein måte nemnt i lova § 3, første ledd.

Registreringa kan berre utførast på bar og telefri mark. Etter lov om kulturminne § 9, 2. ledd har kulturminnemyndigheitene frist på 3 månader til å gje uttale. Finn vedkommande myndigheit at tiltaket verkar inn på automatisk freda kulturminne på ein måte som er nemnt i § 3 første ledd, har den rett til å krevje ein frist på ytterlegare 1 måned. Fristen kan berre forlengast av departementet (delegert Riksantikvaren). Så lenge fristane går kan ikkje tiltaket setjast i verk.

I denne saka er det nødvendig med ei forlenging utover 3 månader, grunna vintersesongen. Den arkeologiske registreringa vert utført av ein fylkeskommunal arkeolog. Det kan takast kontakt med Kulturavdelinga ved nærare tidspunkt for synfaringa, helst etter at snøen har smelta og tela har tint. Kulturavdelinga si endelege uttaling til planen vert skriven så raskt som mogeleg etter at undersøkinga er gjennomført.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil med dette rette ein førespurnad om godkjenning av forlenging av 3 månader i saka. Dersom fylkeskommunen ikkje mottek ei eiga melding om dette, vert forholdet rekna som godkjend frå kommunen/tiltakshavar si side. Vil tiltakshavar derimot ikkje godta ei slik forlenging, vert det bede om ei skriftleg utgreiing for dette. Fylkeskommunen må i så fall fremje ein eigen søknad til Riksantikvaren om godkjenning av forlengingsfristen til ein spesifikk data til vår/sommar 2013.

I medhald til lov om kulturminner § 10 skal tiltakshavar sjølv dekke dei utgiftene kulturminnemyndigheitene har i samband med gjennomføringa av undersøkingsplikta etter § 9. Det er budsjettert med inntil 15 dagsverk, og inntil 10 dagar til etterarbeid. I tillegg kjem inntil 4 14-C prøver i fall det vert påvist relevant dateringsmateriale (sjå side 5).

Løn (20 dagsverk)	56000
Etterarbeid (10 dagsverk)	37500
Reiser/diett	17280
14-C dateringar (4 stk)	180000
Materiell	700
Sum kostnadsoverslag	129480

Det vil vere bruk for gravemaskin til arbeidet. Det trengst i utgangspunktet ei ca 13 tonns beltegåande gravemaskin med pusseskjer påmontert skuffa. Kostnader til maskin er ikkje teke med ovanfor.

Vi ber kommunen ordne med maskin og graveløyve slik at dette er klart i god tid før oppstart av feltarbeidet.

Det vert understreka at tidsberekninga er eit antatt maksimumsoverslag. Dersom vi finn kulturminne, vil det ta tid å avgrense og dokumentere desse. Dersom det ikkje vert gjort noko funn undervegs, vil undersøkinga ta kortare tid.

Konklusjon

Vi gjer merksame på at planen ikkje kan vedtakast i kommunen forut for at fylkeskommunen har gjeve endeleg uttale på grunnlag av varsla registrering.

Før vi set i gong arbeidet ber vi om at vedlagt skjema (side 5) vert underskrevet og returnert Kulturavdelinga.

Kulturavdelinga ynskjer eit snarleg svar frå kommune/tiltakshavar om godkjenning av budsjett. Det bør deretter takast kontakt med Kulturavdelinga vedrørande tidspunkt for registreringa.

Med helsing



Ingebjørg Erikstad (s)
fylkesdirektør

Birgit Tansøy
rådgjevar

Vedlegg:
Aktsepskjema

Mottakar (ar)
Bystøl AS 6893 VIK I SOGN

Kopi til:
Balestrand kommune Rådhuset 6899 BALESTRAND

Kulturminneregistrering i samband med privat regulering - Sæle i Balestrand kommune

Vårt saks nr: 13/1406

Tiltakshavar tek ansvar for følgjande:

	Kulturavdelinga ynskjer utført/stadfesta:	Vert med dette stadfesta
Kostnadsoverslag vert akseptert	X	
Grunneigarar og brukarar er varsla og har gjeve samtykke til undersøkinga	X	
Eventuell avlingskade vert erstatta	x	
Kabelpåvisning vert bestilt og utført. Kablar vert merka på bakken med merkespray el. lign: (Telekablar, strømkablar, TV- kablar, vatnrøyr m.m.)	x	
Tiltakshavar skaffar gravemaskin, minimum 13 tonn, med pusseskuff	x	

Faktura sendas til:

Stad og dato

Tiltakshavar si underskrift
